

# Musea i Sogn og Fjordane

---

## Styremøte

**Dato:** Måndag 20.10.2015  
**Tid:** Kl. 11:00  
**Stad:** Sogn og Fjordane Kunstmuseum, Førde

### MØTEBOK

Frå styret møtte: Harry Mowatt, Laura Kvamme, Arild Hartman Eriksen, Ingrid Norum og Steinar Evebø og Hanne Oftedal som deltok fram til sak 30/2015  
Olve Grotle hadde meldt forfall, vara Vidar Grønnevik kunne ikkje møte.  
Frå adm. møtte: Direktør Anne-Marie Førde og administrasjonssjef Inge Bent Arnestad.  
Referent: Anne-Marie Førde

### SAKLISTE:

24/2015: Godkjenning av innkalling og sakliste  
25/2015: Godkjenning av møtereferat frå styremøtet 24.08.2015  
26/2015: Orienteringar  
27/2015: Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum – fusjon med Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane  
28/2015: Evaluering av styreinstruks  
29/2015: Evaluering av styret og leiing i MiSF  
30/2015: Ymse

#### SAK 24/2015: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

*Direktøren sitt framlegg til vedtak:*  
**Innkalling og sakliste vert godkjent**

Arild Hartman Eriksen melder sak til ymse omkring styrets funksjon  
Laura Kvamme gjorde merksam på at ikkje alle vararepresentantar har fått tilsend godkjend styreprotokoll.

*Vedtak:*  
**Innkalling og sakliste vert godkjent**  
Samrøystes

**SAK 25/2015: GODKJENNING AV MØTEREFERAT FRÅ STYREMØTET 09.06.2015.**

*Direktøren sitt framlegg til vedtak:*

**Protokoll frå styremøtet 24.08.2015 vert godkjent**

*Vedtak:*

**Protokoll frå styremøtet 24.08.2015 vert godkjent**

Samrøystes

**SAK 26/2015: ORIENTERINGAR FRÅ ADMINISTRASJONEN**

- **Rekneskap mot budsjett**

*/ Vedlegg: Rekneskapsrapportar pr. 31.08.2015.*

- **HMS/internkontroll/sjukefråvær**

*/ Vedlegg: Fråværsstatistikk pr. 30.09.2015*

- **Besøktal 2015**

*/ Vedlegg: Besøktala pr. 31.08.2015*

- **Kommunetilskot**

Framdrift av prosess og status. Orientering frå møte med KS 22.09.2015

MiSF skal presentere konklusjonen til arbeidsgruppa i KS på haustkonferansen til KS i november.

- **Sogn og Fjordane fylkeskommune: Budsjett 2016 – Kultur**

I framlagt budsjettforslag til kultur 2016, tilrår fylkesdirektøren ei fordeling på 14.179. mill. kroner i driftsmidlar til MiSF, som er i tråd med konsekvensen av endra regional fordelingsnøkkel fylke/kommune.

Utdrag frå **Budsjett 2016 – Kultur / Sogn og Fjordane Fylkeskommune:**

*«Reduksjon og endring:*

For å effektive ein samla reduksjon på 5,0 mill. kroner i 2016 og 8,5 mill. kroner frå 2017 tilrår fylkesdirektøren ein reduksjon på 0,2 mill. kroner i tilskotet f.o.m. 2016 til Tusenårsstaden Gulatinget. Dette kjem i tillegg til reduksjonen til Musea i Sogn og Fjordane.

Utgangspunktet for vedtaket i denne saka er dei rammer som er sett til no. Arbeidet med å forhandle fram ny avtale med kommunane har synt seg å vere krevjande. Det gjer at fylkesrådmannen i arbeidsdokument nr. 5/15 til finansutvalet vil føreslå å endre reduksjonen til musea. Skissa fylkesrådmannen legg fram inneber at:

- innsparingane som MiSF har sett i verk i 2015 eter ein reduksjon på 1,1 mill. kroner vert vidareført
- fylkeskommunen trappar ikkje opp rammereduksjonen med føresettt i 2016.
- kommunane nyttar 2016 til å samle seg om å auke tilskotet til musea med 1,5 mill. kroner årleg frå 2017.
- Fylkeskommunen legg den samla årlege reduksjonen frå 2017 på 2,6 mill. kroner.

Den fylkeskommunale løyvinga til MiSF må som følgje av ei slik tilnærming aukast med 1 mill. kroner i 2016, og 0,5 mill. kroner årleg for åra deretter. Fylkesrådmannen tilrår at kultursektoren si ramme vert styrka med 1 mill. kroner i 2016, medan den årlege auken i tilskot på 0,5 mill. kroner for åra deretter bør vurderast å få status som urealisert innsparingskrav på sektoren. Midlane er førebels teknisk tilført sektoren. Om dette vert vedteke vil ramma til kultursektoren for 2016 auke.»

- **Kulturdepartementet/Statsbudsjettet 2016**

Budsjettframlegget for 2016 i Det nasjonale museumsnettverket, er på 88,3 mill. kroner. Styrking i 2016 er knytt til formidling, bygningsvern /vedlikehald og drift. MiSF har fått tilført driftsauke på bakgrunn av utvikling og drift av Måløyraidsenteret.

I Prop. 1 S (2015-2016) under budsjettkap., post 70, er det vist til at eit nærare samarbeid mellom Nordisk Kunstnarsenter Dal og Musea i Sogn og Fjordane vil bli utgreidd i budsjettperioden. Dette er ei oppfølging av ein merknad frå fleirtalet i kulturkomiteen i Innst. 14 S (2014-2015).

- **Fellesmagasinet/Sunnfjord Museum**

Fylkesrådmannen har arbeidd med å avklare eigarskapsmodell, finansiering, organisering og fagleg løysing for fellesmagasinet med ei alternativ plassering. Utgreiingar og vurderingar som er gjort i samråd med MiSF, viser at alternativ plassering (Ramstad Eskefabrikk, Førde) gjev både for store driftskostnader og faglege utfordringar til at fylkeskommunen vil tilrå å gå vidare med dette alternativet. Samstundes løyser det heller ikkje dei utfordringar ein i dag har med arbeidstilhøva for tilsette i MiSF ved Sunnfjord Museum.

I arbeidsdokument 5/15, vil fylkesrådmannen rå til at det under gitte føresetnader vert arbeidd vidare med eit nedskalert fellesprosjekt «Kløften». Realisering av prosjektet føreset finansiell medverknad frå både staten, fylkeskommunen og kommunane i fylket.

- **Måløyraidsenteret**

Kort orientering frå møte med Måløyraidsenteret og Vågsøy kommune 08.09.2015  
I framlagt statsbudsjett 2016, er det lagt inn 600.000 i driftsmidlar til senteret. Forsvarsdepartementet er inne med 100.000 i driftsmidlar som går direkte til Måløysenteret.

- **Aktivitetsrapport frå avdelingane**

*/. Vedlegg: Aktivitetsrapport frå avdelingane*

- **Drift av Sogn Kunstsenter/Norsk Villakssenter/Turistinformasjon**

Jf. styresak 10/2015 Orienteringar - MiSF/SFKM Sesongdrift.  
MiSF v/SFKM har hatt ansvaret for drift av Norsk Villakssenter /Turistinformasjon i tillegg til Sogn Kunstsenter. MiSF og Lærdal kommune har hatt evalueringsmøte 08.10.2015. Lærdal kommune har vedtatt å gjennomføre eit forprosjekt for Lærdal kulturhus. Forprosjektet skal gjennomførast innanfor omstillingsprogrammet i kommunen. MiSF som leigetakar, vil tiltre forprosjektet etter behov. Frist for ferdig forprosjekt med tilråding av modell, er sett til 31.03.2016.

*/. Vedlegg: Rapport frå avd.direktør SFKM*

- **Innkomne skriv og brev:** Frå Sogn og Fjordane fylkeskommune:  
Varsel om oppstart av fredningssak –  
Heimdalstrand, gnr./bnr. 10/81, Balestrand kommune

*Direktøren sitt framlegg til vedtak:*

**Orienteringane vert tatt til vitande**

*Vedtak:*

**Orienteringane vert tatt til vitande**

Samrøystes

**SAK 27/2015 STIFTINGA SOGN OG FJORDANE KUNSTMUSEUM –  
FUSJON MED STIFTINGA MUSEA I SOGN OG FJORDANE**

**Saksansvarleg:**

Anne-Marie Førde

*/ . Vedlegg: Saksframlegg og protokoll (SFKM) av 22.09.2015*

**Saksgrunnlag:**

Styret for Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum har i møte 22.09.2015, gjort samrøystes vedtak i styresak 12/15 Fusjon med Stiftinga musea i Sogn og Fjordane:

*”Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum (SFKM) vedtek fusjon med Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.”*

**Saksutgreiing:**

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane kan utanfrå opplevast som ein komplisert organisasjon med mange ledd der ein har juridisk skilje mellom eigarskap og drift. Som følgje av konsolideringa og val av organisasjonsmodell, vart eigar som før konsolideringa også var drivar av den einskilde museumsavdelinga og arbeidsgjevar for dei tilsette, redusert til berre å vere juridisk eigar av eksisterande bygningar, samlingar og tekniske anlegg pr. 01.01.2009. Ut over det å vere formell eigar, er dei einaste oppgåvene styret har, av rein formell karakter, å godkjenne årsmelding og rekneskap. Vidare skal styret nemne opp sin representant til rådet i MiSF.

Trass i forsøk på å tilpasse eigarstyra sine endra oppgåver og ansvar i det konsoliderte museet, har fleire eigarstyre tatt situasjonen opp til intern drøfting, men dei har også tatt initiativ til å drøfte synspunkt med stiftingstyret i MiSF.

Styra i stiftingane Sogn og Fjordane Kunstmuseum og Kystmuseet i Sogn og Fjordane har begge fatta vedtak om å fusjonere med Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane. Eitt av argumenta ar vore at fusjon vil gi klårare liner i organisasjonen.

I samband med opprettinga av Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane og konsolidering av musea i Sogn og Fjordane i 2009, har styret for Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum freista å tilpasse vedtektene til den nye organiseringa. Både i 2009 og 2010 tok dåverande styreleiar i SFKM initiativ til å drøfte spørsmålet om fusjon med leiinga i Musea i Sogn og Fjordane og SF fylkeskommune, men partane vart einige om å drive vidare innan eksisterande organisasjonsmodell og ta ei ny vurdering etter lengre tids driftserfaring.

I 2013 då ein tok eit nytt initiativ for å tilpasse vedtektene i Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum til vedtektene i det konsoliderte museet, avviste Lotteri- og stiftelsestilsynet søknaden frå stiftingsstyret i SFKM om registrering og godkjenning av vedtektsendringar. Styret oppretta då ei arbeidsgruppe som fekk i oppdrag å diskutere saka med tilsynet og få råd om korleis stiftinga best kunne handtere saka vidare for å komme i mål med vedtektene.

I styremøte i SFKM, 28.10.2014, der også direktør i MiSF var invitert til å delta, gjorde styret vedtak om å greie ut eitt av Stiftelsestilsynet sine forslag som gjekk ut på å legge ned Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum og late stiftinga sitt formål bli ført vidare gjennom fusjon med Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.

I utgreiinga av 26.04.2015 frå Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum til stiftarane, skriv avdelingsdirektør:

*”Det er ingen usemje om at konsolideringa i 2009 var i samsvar med stiftinga sitt formål. Åra frå 2009 syner at Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane fullt ut kan arbeide for å realisere Sogn og Fjordane Kunstmuseum sitt formål. Faktisk kan ein hevde at Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane har gjort Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum overflødig i og med at formålet er samanfallande og der Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane mottar og styrer alle løyvingane.”*

Det ligg allereie føre driftsavtaler mellom kommunane Jølster, Lærdal og Hornindal og Musea i Sogn og Fjordane om drift av museumseiningane. Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum er i dag heller ikkje part i desse forhandlingane eller i avtalane. Saman med ein mogeleg ny finansieringsordning for musea er det også eit argument som talar for fusjon.

Rådgevande organ forankra i SFKM sine vedtekter, som Kunstfagleg råd, kan først vidare gjennom til dømes særskilde retningsliner etter ei samanslåing. Vidare må ein forankre «kunstnarsenterfunksjonane» i den nye organisasjonen slik at desse vert ført vidare av Sogn og Fjordane Kunstmuseum på ein god og tenleg måte, og som vert akseptert av kunstnarorganisasjonane i fylket. Det er tatt initiativ til «forhandlingar» mellom kunstnarorganisasjonane og leiinga i MiSF for nettopp å reaktivere kunstnarsenterfunksjonen i SFKM, og det første møtet vart gjennomført 25.09.2015.

Stiftarane Førde kommune, Hornindal kommune, Jølster kommune, Lærdal kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune har alle fatta vedtak om å slutte seg til fusjonen, og direktør rår difor til at styret for Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane også sluttar seg til vedtaket om fusjon mellom stiftingane.

*Direktøren sitt framlegg til vedtak:*

1. **Styret gjev si tilslutning til fusjon mellom Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum og Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane, føresett at oppløysninga vert godkjent av Lotteri- og stiftelsestilsynet.**
2. **Naudsynte endringar/tilpassingar i vedtektene for Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane, vil bli lagt fram i eiga sak for styret.**

*Vedtak:*

1. **Styret gjev si tilslutning til fusjon mellom Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum og Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane, føresett at oppløysninga vert godkjent av Lotteri- og stiftelsestilsynet.**
2. **Naudsynte endringar/tilpassingar i vedtektene for Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane, vil bli lagt fram i eiga sak for styret.**

Samrøystes

## **SAK 28/2015: EVALUERING AV STYREINSTRUKS**

**Saksansvarleg:**

Harry Mowatt

**Saksutgreiing:**

Styret evaluerer MiSF sin gjeldande styreinstruks

**/.** Vedlegg: Styreinstruks, vedteken 14.06.2010.

*Etter drøfting i styret vart det gjort følgjande vedtak:*

**Styret for MiSF vedtar gjeldande styreinstruks for MiSF etter sletting av «eller andre sentrale tilsette» i punkt 3 andre avsnitt.**

Samrøystes

## SAK 29/2015: EVALUERING AV STYRET OG LEIINGA I MISF

### Saksansvarleg:

Harry Mowatt

### Saksutgreiing:

Styret evaluerer eige og administrasjonen sitt arbeid.

**/.** Vedlegg: Evalueringsskjema styre og administrasjon (felles skjema)

Oppsummering evaluering av styre og administrasjon (Unt. off.)

*Vedtak:*

**Styret for MiSF tek saka til vitande.**

Samrøystes

## SAK 30/2015: YMSE

### 1. Styrets funksjon

Arild Hartman Eriksen ynskjer avklaring på styrets og administrasjonen sin funksjon sett opp mot vedtekter §5 og styreinstruks punkt 3 i samband med tilsetting av administrasjonssjef eller andre sentrale tilsette. Gjeldande vedtekter er ikkje oppdatert i samsvar med sak 41/2012. Ynskjer å kome med ei meir konkretisert tilbakemelding til neste styremøte. Styret er samde i at gjeldande vedtekter bør evaluerast og oppdaterast. Vedtekter §5 avsnitt fire må endrast jf. tidlegare styrevedtak slik at den harmoniserer med Personal- og lønshandbok styresak 40/2012. Styreinstruks er vedteken endra i styresak 28/2015.

### 2. Dokument til styre og leiing

Orientering frå administrasjon. Oppsummering i styre (**Ikke off. – Jf. Off.I. §13**)

Harry Mowatt melder sak til ymse om lønsfastsetting direktør og administrasjonssjef;

### 3. Lønnsvurdering direktør og administrasjonssjef.

Styret drøfta lønsvilkåra for direktør og administrasjonssjef med bakgrunn i innhenta lønsdata frå samanliknbare museum. Styret vedtek å heve lønna for direktør med 3 lønstrinn og med 2 lønstrinn for administrasjonssjef. Verknadstidspunktet blir som før frå 1.5.2015.

---

Harry Mowatt  
Styreleiar

---

Anne-Marie Førde  
Direktør

---

Laura Kvamme

---

Hanne Oftedal

---

Arild Hartman Eriksen

---

Ingrid Norum

---

Steinar Enebø